



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/25	Ungdomsrådet	17.03.2025
010/25	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	18.03.2025
011/25	Utvalet for oppvekst og kultur	19.03.2025
056/25	Formannskapet	20.03.2025
017/25	Kommunestyret	27.03.2025

Kvalitet og Kapasitet i Sunnfjordskulen

Vedtak i Kommunestyret 27.03.2025:

- Følgjande endringar i skulestrukturen blir gjennomført i Sunnfjord kommune:
 - Vassenden skule vert samla i eitt skulebygg, frå hausten 2026.
 - Ungdomstrinnet ved Halbrend skule blir slått saman med Førde ungdomsskule, til ein felles ungdomsskule på Hafstad. Det skal lagast ein plan for overgangen til ny felles ungdomsskule, der representantar frå dei to skulane skal vere med i utarbeidinga. Planen skal leggast fram for politisk behandling i god tid før handsaming av årsbudsjett for 2026.
 - Førde barneskule blir flytta til FUSK-bygget når bygget er klargjort for barneskule
 - Elevane ved Flatene skule blir flytta til Halbrend skule, som blir ein skule med elevar frå 1.-7. trinn, når bygget er klargjort for barneskule.
 - Ungdomstrinnet ved Viksdalen skule blir flytta til Sande skule frå skulestart 2029, med forutsetning av at Sande skule er ferdig ombygd. Dersom skulen får ei elevtalsutvikling som gjev grunnlag for ein berekraftig ungdomsskule, skal saka vurderast på nytt.
 - Kommunestyret ber om å få ei utgreiing av oppveksttun på Viksdalen skule og Sunde skule.
 - Vaksenopplæring og integrering skal lokalisert i kommunalt bygg.
- Det samla ressursnivået i skulen blir redusert med 6,5 millionar kroner i tillegg til reduksjonen på 35 millionar kroner som følgjer av elevtalsnedgangen.
- Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. For tilsette blir det utarbeid ein bemanningsplan saman med tillitsvalde og verneombod.
- Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av kommunestyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2026-2030 og årsbudsjettet for 2026.
- Klassedelingsplanen på 28 elevar i barneskulen og 30 elevar i ungdomsskulen blir oppheva frå hausten 2025 som følgjer av ny ressursmodell i skulen. Opplæringslova sitt krav om forsvarlege grupper blir lagt til grunn for rektor ved samansetjing av klassar/grupper.

6. Forskrift om kringsgrenser i Sunnfjord kommune blir revidert og sendt ut på høyring hausten 2025.

Innstilling frå Formannskapet 20.03.2025:

Formannskapet tar kommunedirektøren sitt framlegg til vitende.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Følgjande endringar i skulestrukturen blir gjennomført i Sunnfjord kommune:
 - a. Ungdomstrinnet ved Skei skule blir slått saman med ungdomstrinnet på Vassenden, til ein felles ungdomskule på Vassenden skule frå skulestart 2026
 - b. Holsen skule blir lagt ned og elevane blir flytta til Sunde skule frå skulestart 2026
 - c. Ungdomstrinnet ved Halbrend skule blir slått saman med Førde ungdomsskule, til ein felles ungdomsskule på Hafstad frå skulestart 2026
 - d. Flatene skule blir lagt ned og elevane blir flytta til Halbrend skule, som blir ein skule med elevar frå 1.-7. trinn frå skulestart hausten 2026
 - e. Ungdomstrinnet ved Viksdalen skule blir flytta til Sande skule frå skulestart 2026
 - f. Førde barneskule blir slått saman med Slåtten skule og Halbrend skule frå hausten 2027. Elevane blir fordelt mellom dei to skulane etter justering av kringsgrenser. Retningsliner for vurdering av særleg farleg, eller vanskelig skuleveg blir revidert i tråd med vurderinga som ligg til saka.
2. Det samla ressursnivået i skulen blir redusert med 6,5 millionar kroner i tillegg til reduksjonen på 35 millionar kroner som følgjer av elevtalsnedgangen.
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. For tilsette blir det utarbeid ein bemanningsplan saman med tillitsvalde og verneombod.
4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av kommunestyret før oppstart. Finasiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2026-2030 og årsbudsjettet for 2026.
5. Klassedelingstalet på 28 elevar i barneskulen og 30 elevar i ungdomsskulen blir oppheva frå hausten 2025 som følgjer av ny ressursmodell i skulen. Opplæringslova sitt krav om forsvarlege grupper blir lagt til grunn for rektor ved samansetjing av klassar/grupper.
6. Forskrift om kringsgrenser i Sunnfjord kommune blir revidert og sendt ut på høyring hausten 2025.

Bakgrunn for saka

Sunnfjord kommune står ovanfor store demografiske, økonomiske og pedagogiske utfordringar som gjer det naudsynt å utvikle ein heilskapleg og framtidsretta skulestruktur. Hausten 2017 hadde Sunnfjord kommune eit «toppår» med 3112 elevar i grunnskulen. Hausten 2024 var talet redusert til 2895, og det er forventa fall i elevtalet på 450 elevar innan 2029. Med krav om innsparing og omstilling, er det eit stort behov for å gjere noko med skulestrukturen og sikre eit berekraftig opplæringstilbod i kommunen. Det er vedteke eit innsparingskrav til sektoren på over 70 mill. kroner i 2029. For å innfri kravet vil det vere behov for omfattande tiltak som vil påverke barne, foreldre og lokalsamfunn.

I tillegg til ein elevtalsnedgang som inneber reduksjon i inntekter over statsbudsjettet, har Sunnfjord kommune ein auke i tal eldre. Kommunen må difor omstille midlar frå oppvekst til omsorg i åra som kjem.

Det ligg fleire politiske vedtak til grunn for arbeidet med saka. Kommunestyret vedtok i sak 23/45 at kommunedirektøren skulle arbeide vidare med ei sak om skulestrukturen og legge den fram innan utgangen av 2023. Det vart seinare vedteke i formannskapet at administrasjonen skulle fokusere på å utarbeide eit faktagrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget vart utarbeidd og tiltaka som vart lagt ut på høyring bygger på kunnskapsgrunnlaget. I september 2024 vedtok formannskapet prinsipp for vurdering av strukturtiltak i skulen, inkludert ressursfordeling tilpassa utvikling i elevtalet, sentralisering av ungdomsskular og desentraliserte barneskular, samt fokus på skulestruktur i Førde sentrum. **Prinsippvedtaket er styrande for kommunedirektøren sitt framlegg i saka.**

I november 2024 la formannskapet ut framlegga på høyring med høyringsperiode frå 9. desember til 9. februar. I høyringsperioden vart det gjennomført folkemøte i Førde, Skei, Vassenden, Naustdal og Viksdalen. Det er kome inn 325 høyringssvar. Desse er vedlagt saka i tillegg til ei oppsummering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak bygger på dei vedtekne prinsippa, høyringssvar og innspel i folkemøte.

Detaljert omtale av dei ulike tiltaka saman med talgrunnlag og informasjon finn de i vedlagt dokument til saka: "Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Tiltak for omstilling og innsparing"

Saksutgreiing

Elevtalet er fallande og det vil påverke inntektene og utgiftene til kommunen. Det er i samband med arbeidet utvikla ein ny fordelingsmodell som fordelar ressursane til skulane. Tidlegare vart ressursane fordelt etter klassetal, og kvar skule fekk eit timetal per klasse. Til grunn for fordelinga vart eit klassesdelingstal på 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar i ungdomstrinnet lagt til grunn. Ein slik modell tek ikkje høgde for variasjonar i elevtalet, innafor klassesdelingstalet. Elevtalet kan reduserast mykje på ein skule, utan at det påverkar klassetalet. Den nye modellen fordeler ressursane etter elevtal og ikkje klassetal. For at modellen skal gi effekt må delingstalet i kommunen opphevast. I opplæringslova er det ikkje krav om delingstal, men gruppene skal vere av forsvarleg storleik. Kommunedirektøren sitt framlegg er å oppeve klassesdelingstalet. Rektor vil få handlingsrom til å sette saman grupper etter dei ressursane dei får tildelt bygd på prinsippet om forsvarleg storleik. Kva som er forsvarleg kan varierer og ei gruppe kan ha over 30 elevar og ei anna gruppe mindre for at det skal vere forsvarleg. I modellen er det lagt inn 1000 timar/år i grunnressurs for barnetrinn og ungdomstrinn. Ein kombinert skule får 2000 timar årleg i grunnressurs. Tusen årstimar har ein kostnad på 1,6 millionar kroner. Den nye resursfordelingsmodellen gir ei innsparing på grunna av fallande elevtal med 36 mill. kroner fram mot 2029.

For å nå omstilling og innsparingskravet må dei resterande 36 millionar kroner takast ved å endre strukturen i Sunnfjordskulen.

Grunnlag for kommunedirektøren si vurdering

I tillegg til vedtekne prinsipp og innsparing og omstillingskrav må kommunedirektøren legge vekt på krav til skuleeigar i lov og forskrift. Kommunen må drive verksemda innafor dei krav som ligg mellom anna i opplæringslova.

Opplæringslova

Opplæringslova legg føringar på eit minste ressursgrunnlag for skulane. Minstekravet er eit årsverk per 15 elevar frå 1.-4. trinn. Frå 5.-10. trinn er minstekravet eit årsverk per 20 elevar. I Sunnfjordskulen er det store variasjonar mellom skulane. Dei minste skulane har få elevar per årsverk og dei største skulane ligg tett opp mot minstekravet. Det er difor ikkje rom for å redusere ramma for å nå omstilling og innsparingskravet. **Konsekvensen av ein reduksjon i ressursgrunnlaget til skulane på 72 millionar kroner, utan strukturtiltak, er at Sunnfjord kommune ikkje oppfyller lovkravet.** Forskrift til opplæringslova stiller og krav til lærarar sin kompetanse i fag. Lærarar på barnetrinnet skal i hovudsak ha 30 stp. i faga dei underviser i og på ungdomstrinnet 60 stp. i basisfaga og 30 stp. i andre fag. Lærarar som har

spesialisert seg på 1.-7. trinn har ikkje undervisningskompetanse for ungdomstrinnet og lærarar som har spesialisert seg på 5.-7. trinn har ikkje undervisningskompetanse på 1.-4. trinn. **Om lærarar underviser i fag dei ikkje har kompetanse i blir dei definert som ufaglærte.** Lærarar har mastergrad og ofte smale undervisningsfag. Til dømes har ein lærar norsk som hovudfag og kanskje to fag med 30 stp. Ein ungdomskule med ein klasse på kvart trinn vil ha utfordringar med å tilby læraren nok timar i faget. Å rekruttere lærarar blir ein avgjerande faktor for kvaliteten i framtida. Det er eit fallande søkartal til lærarutdanninga og Sunnfjord kommune har allereie utfordringar med å tilsette i ledige stillingar. Skal kommunen oppfylle kompetansekrav må skulane kunne utnytte kompetansen til lærarane i fleire grupper og timar.

Opplæringslova heimlar rettigheter til elevane generelt og individuelt. Elevane har rett til eit trygt og godt skulemiljø, tilpassa opplæring og individuelt tilpassa opplæring. For at skulane skal kunne oppfylle desse rettane, må skulen ha tilstrekkeleg med ressursar. Det er eit aukande behov for oppfølging av elevar med store samansette utfordringar, som krev ekstra oppfølging. Ein elev med full oppdekking har eit behov for ressursar tilsvarande 1 million kroner årleg. Skal skulen ha ei berekraftig drift i framtida og med dei omstilling og innsparingskrava som ligg til sektoren, er det nødvendig med strukturelle endringar.

Skyss og skuleveg

Sunnfjord kommune har store avstandar, med vegar som har dårleg standard og som kan vere ras utsette. Det er stor variasjon i behov for skyss til kvar skule. Fleire elevar har lang skuleveg og er avhengig av skyss og andre elevar kan gå eller sykle til skulen. Opplæringslova kap.4 regulerer skyssrettar, men det er ikkje sett noko standard for reisetid. I lova står det at skyss og reisetid skal vere forsvarleg og kommunen kan sette standard for rettleiande reisetid. I vårt arbeid har vi lagt til grunn den rettleiande reisetida som er nytta av fylkeskommunen.

Skulen sin betydning for lokalsamfunnet

Ein tilgjengeleg skule, barnehage og SFO er viktig for lokalsamfunnet. Det har kome inn mange innspel i høve skulen si rolle i lokalsamfunna som faktor for kultur, idrett, busetjing og utvikling. Prinsippa som er vedteke skal ivareta ein desentralisert barneskulestruktur og ei sentralisering av ungdomstrinnet. Kommunedirektøren si vurdering er at ein desentralisert barneskule er ein viktig faktor for utviklinga lokalt. Kort reiseveg for dei minste elevane og eit tilgjengeleg SFO tilbod. Ei vidare utvikling til oppveksttun med skule og barnehage kan styrke tilbodet i framtida.

Barnets beste vurdering

Innsparing og omstilling på 70 mill. kroner vil få ulike konsekvensar for barna. Dette krev ei heilskapleg vurdering av korleis ressursane kan forvaltast på ein måte som sikrar kvaliteten i opplæringa, eit likeverdig tilbod og at lovkrav blir oppfylt. Samstundes må vi anerkjenne at endringar i skulestrukturen kan skape uro og engasjement blant elevar, foreldre og lokalsamfunn, og at enkelte elevar kan oppleve å få skuletilbodet sitt påverka negativt på nokre områder. Ein del av desse vurderingane omfattar utfordringar knytt til skuleveg, kapasitet i skulebygga og lokalsamfunnsattraktivitet

Prinsippet om barnet sitt beste forpliktar oss til å sjå utover økonomiske tal og strukturmodellar. Det handlar om å stille spørsmål som:

- Korleis kan vi sikre at elevane får eit likeverdig opplæringstilbod, uavhengig av kvar dei bur i kommunen?
- Korleis kan vi sikre eit trygt og stimulerande læringsmiljø, som fremjar fagleg og sosial utvikling?
- Korleis kan vi inkludere barn og unge sine perspektiv i prosessen?

Desse spørsmåla er avgjerande for å sikre at dei løysingane vi landar på, ikkje berre er økonomisk forsvarlege, men også fremjar **langsiktig kvalitet og trivsel for framtidige generasjonar og å sikre rekruttering**

Kommunedirektøren si vurdering inneber ei heilskapleg vurdering av barnets beste.

Bygg

I Sunnfjord kommune er det i bruk 13 skulebygg av ulik kvalitet. Fleire bygg har behov for rehabilitering og ombygging. Drift og vedlikehald av skulebygg er ein stor kostnad og i kommunedirektøren si vurdering er det lagt vekt på korleis ein best mogleg kan utnytte bygg kapasiteten. Det er krav til skulebygg og uteområde i forskrift om miljøretta helsevern i skule og SFO. Skulebygga skal vere godkjent etter forskrifta. I opplæringslova § 12-7 er det krav om at elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira.

Tilsette

Ei endring i struktur vil påverke tilsette. Nedlegging og samanslåing av skular vil føre til overtal og flytting av tilsette. Det vil særleg bli overtal på funksjonar og ved nedlegging av skular overtal på leiarar og konsulentar. Eit overtal og flytting av tilsette til andre arbeidsplassar vil følgje lov- og avtaleverk. Det må utarbeidast ein samla stillingsplan som vil ivareta skulane sitt behov for kompetanse.

For andre tilsette som assistentar, fagarbeidar og miljøarbeidarar vil det bli tilsvarande overtal, eventuelt flytting til anna arbeidsplass.

Kommunedirektøren si vurdering av tiltak er delt inn i tre kategoriar etter vurdering av den samla konsekvensen for elevar, foreldre og tilsette. Kommunedirektøren vil understreke at desse ikkje er uttømmende og at det for den einskilde elev kan oppfattast ulikt.

Kategori 1

- Ikkje særleg auka reiseveg for elevar
- Påverkar elevane i mindre grad samanlikna med andre alternative tiltak.
- Påverkar lokalsamfunnet i mindre grad samanlikna med andre alternative tiltak.
- Mindre omfattande endringar i tilsette sin arbeidssituasjon, som flytting av lokasjon. Det kan likevel medføre overtal, eller anna arbeidsstad.

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
1	Hafstad som ny felles ungdomsskule for Førde ungdomsskule og ungdomstrinnet på Halbrend skule	4,7 millionar kroner	35,7 millionar kroner	2

Konsekvensar

- Stordriftsfordelar, mellom anna betre utnytting av ressursar og kompetanse.
- Eit felles ungdomsmiljø i Førde sentrum som kan utnytte felles ressursar mellom anna i førebyggjande arbeid
- Betre utnytting av støttetjenester som PPT og helsesjukepleiar.
- Elevantal på 537 hausten 2026. Norconsult har utarbeidd ny rapport som viser at bygget **kan huse 550 elevar.**
- Nokre elevar får lengre skuleveg og fleire må krysse E39. Det blir og kryssing av veg til Førdehuset i samband med kroppsøving

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket har låg konsekvens og høg økonomisk effekt, samanlikna med andre alternative grep. Ei utnytting av Hafstad vidaregåande skule er **avgjerande** for å kunne gjennomføre fleire andre tiltak. Tiltaket vil ikkje påverke elevane i stor grad og kommunedirektøren si vurdering er at tiltaket ikkje har negativ betydning for barnets beste.

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
2	Halbrend skule 1.-7. trinn. Slå saman Halbrend skule og Flatene skule til ein felles barneskule	6,7 millionar kroner	2-5 millionar kroner	1

Konsekvensar

- Mindre konsekvensar då Flatene og Halbrend ligg i same område
- Småskulen vil miste fordelane utforming av bygningsmassen på Flatene gir
- God ressursutnytting og kontinuitet i det pedagogiske arbeidet frå 1.-7. trinn.
- Fleksibel bruk av lærarane sin samla kompetanse
- Færre overføringar i skulelaupet

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer dette tiltaket som eit naturleg grep dersom ungdomssteget vert flytta til Hafstad. Tiltaket vil gi større innsparingar på utnytting av bygg. Tiltaket vil ikkje påverke elevane i stor grad og kommunedirektøren si vurdering er at tiltaket ikkje har negativ betydning for barnets beste.

Kategori 2

- Auka reiseveg for elevar, og for nokre elevar blir truleg reisevegen lengre enn fylkeskommunen si tilrådd makstid
- Påverkar elevane sin skulekvardag og fritid
- Vil påverke lokalsamfunnet i nokon grad
- Tilsette sin arbeidssituasjon blir påverka t.d. grunna auka reiseveg og at deler av tilsette må byte arbeidsplass. Det vil medføre avgrensa overtal av tilsette og leiarar

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
3	Slå saman ungdomstrinnet på Skei skule med ungdomstrinnet på Vassenden skule	2,8 millionar kroner	0	

Konsekvensar

- Lengre reiseveg for alle elevar, og særleg lang reisetid for elevar busett i Stardalen
- Skyss kan organiserast innafor 75 min reisetid, men risiko for at elevane får lengre reiseveg er stor
- God ressursutnytting på ein samanslått ungdomsskule
- Utnytting av tilsette sin kompetanse
- Redusert behov for investeringar på Skei skule i framtida

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket vil påverke fleire elevar si reisetid. Samla sett vil tiltaket styrke ungdomstrinnet og utnytte ressursar og kompetansen. God utnytting av bygg sidan Vassende skule har god kapasitet og er rehabilitert.

Kommunedirektøren si vurdering er at lang reisetid for enkelte ikkje er til deira beste, men samla sett vil tiltaket ikkje påverka fleirtalet av barna i stor grad.

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
4	Flytte ungdomstrinnet ved Viksdalen skule til Sande skule	2,0 millionar kroner	0	

Konsekvensar

- Lengre reiseveg for elevar, spesielt lang reiseveg for deler av elevmassen
- Det blir få elevar att på skulen om ungdomssteget flyttar. Viksdalen skule blir ein liten skule.
- Eit auka fagleg og sosialt miljø for elevane på Sande skule
- Utnytte den samla lærarkompetansen betre.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket vil påverke fleire elevar si reisetid. Samla sett vil tiltaket styrke ungdomstrinnet og utnytte ressursar og kompetanse betre. Frå 2029 vil det vere 6 elevar på ungdomstrinnet i Viksdalen, noko som vil vere utfordrande med tanke på å oppfylle faglege krav for ungdomstrinnet. Reisetida vil påverka barnets beste, men det må vegast opp mot ei heilskapleg vurdering av ressursar og det faglege skuletilbodet for alle elevar.

Kategori 3

- Påverkar mange elevar sin skulesituasjon og reiseveg.
- Nokre elevar som bur nærare enn 4 km frå skulen kan få ein meir utfordrande skuleveg, og nokre vil ha rett på skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.
- Påverkar lokalsamfunn og busette sin situasjon.
- Tilsette sin arbeidssituasjon blir i større grad påverka, ved at store deler av kollegiet må bytte skule. Det vil bli overtal og omplasseringar

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
5	Slå saman Førde barneskule med Slåtten skule og Halbrend skule	9,9 millionar kroner	12 millionar på Slåtten skule 2-5 millionar på Halbrend skule	2

Konsekvensar

- Lengre skuleveg med kryssing av E39 i svært trafikkert miljø for mange elevar
- Flytting og splitting av elevgrupper og krins.
- Betre utnytting av skulebygga i sentrum
- Tiltaket gir god økonomisk effekt og mindre behov for investeringar
- God ressursutnytting og bruk av tilsette sin kompetanse

Vurdering

Kommunedirektøren si vurdering er at tiltaket har negative konsekvensar, særleg for elevar som blir splitta opp og får ein skuleveg som er lengre og inneber kryssing av E 39. For desse vil barnets beste bli påverka negativt. I eit lengre perspektiv vil endring i nærskule bli ein naturleg del for elevane som startar i 1. klasse. Tiltaket gir god økonomisk effekt og gir god utnytting av bygg og resursar.

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
6	Flytte Holsen skule og barnehage til Sunde skule	3,3 millionar kroner	0	2 Barnehage

Konsekvensar

- Lengre reiseveg for elevane, særleg lang for elevar i Haukedalen
- Vil påverke foreldre sin logistikk og kvardag
- Betre utnytting av ressursar og tilsette sin kompetanse
- Utnytte Sunde skule sin kapasitet

Vurdering

Kommunedirektøren si vurdering er at tiltaket vil påverke elevane sin reiseveg, og familien vil få lengre avstand til skule og SFO. Sunde skule har god kapasitet og det er behov for å utnytte kapasiteten. Samstundes får ein utnytta betre ressursar og tilsette sin kompetanse. Elevane frå Holsen vil få betre tilgang på støttetjenester som helsesjukepleiar og spesialpedagogar.

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
13	Reduksjon i skulen sine ressursar	6,5 millionar kroner	0	Alle

Konsekvensar

- Vil påverke det samla tilbodet til elevane i Sunnfjordkulen
- Det blir færre timar til tilpass opplæring, individuelt tilpassa opplæring og deling i mindre grupper
- Elevane får mindre oppfølging av tilsette.
- Reduksjon i ramma ut over elevtalsnedgangen vil påverke kvaliteten i Sunnfjordskulen.

Vurdering

Kommunedirektøren si vurdering er at tiltaket vil påverke alle barn i Sunnfjordskulen negativt, fordi elevar generelt vil få mindre oppfølging og det blir færre timar avsett til individuelt tilpassa opplæring.

Tiltak nr.	Tiltak	Innsparing	Investering	Heng saman med tiltak:
14	Oppheve klassesdelingstal ved innføring av ny ressursmodell	35 millionar kroner		Alle

Konsekvensar

- Ressursane føl nedgang i elevtalet, med same timetal per elev
- Kan bli klassar med fleire elevar enn med eit fast delingstal

Vurdering

Tiltaket påverkar ikkje ressursnivået per elev, men skular med få elevar vil få færre timar samla sett enn tidlegare. Ressursmodellen gir god økonomistyring og føreseieleg ressursfordeling til skulane.

Oversikt over innsparing og omstilling

Nr	Tiltak	2025	2026	2027	2028	2029
Mål	Innsparing og omstilling	13115	30000	48000	61365	72000
14	Ressursmodell	13000	16000	18000	26000	36000
1	Hafstad som ny ungdomsskule		1958	4700	4700	4700
2	Flatene til Halbrend		2791	6700	6700	6700
3	Skei til Vassenden		1166	2800	2800	2800
4	Viksdalen til Sande		833	2000	2000	2000
6	Holsen til Sunde		1375	3300	3300	3300
5	Førde barneskule			4166	9900	9900
13	Reduksjon ramma		6500	6500	6500	6500
Sum	Innsparing og omstilling	13000	30623	48166	61900	71900

Tusen kroner

Oversikt over innsparing og investering for kvart tiltak

Tiltak nr.	Innsparing i millionar kroner	Investeringsbehov i millionar kroner
1	4 700	35,7
2	6 700	2 000 - 5 000
3	2 800	0
4	2 000	0
5	9 900	14 000
6	3 300	0
13	6 500	
14	36 000	
Sum	72 000	53 000

I tillegg kjem:

Samla innsparing av tiltak er på 72 millionar kroner i 2029

Vurdering

For å kunne gjennomføre nokre av tiltaka er det naudsynt å gjennomføre ei ombygging av skular som medfører investeringar. **Desse investeringane utløyer tiltak som vil redusere drifta i framtida.** Utan investeringane vil tiltak ikkje kunne gjennomførast. Vurderinga til kommunedirektøren er at dei føreslått tiltaka vil gi Sunnfjord kommune mindre behov for investeringar i framtida, fordi skulebygg som i nær framtid har behov for til dels omfattande vedlikehald og rehabilitering blir redusert.

Andre tiltak som har vore på høyring, som ikkje er tilrådd. Desse er grundigare omtala i dokumentet « tiltak for omstilling og innsparing »

nr	Tiltak	Innsparing	Heng saman med tiltak:
7	Samle Vassenden skule i eit bygg	5,3 millionar kroner	

8	Legge ned Sunde skule	6 millionar kroner.	Tiltak 1, 2 og 6
9	Legge ned Vassenden skule	12,8 millionar kroner	Tiltak 9 og 1
10	Legge ned Viksdalen skule	5,6 millionar kroner	Tiltak 6 og 9
11	Flytte Vassenden sitt ungdomssteg til Førde	7,6 millionar kroner	Tiltak 1 og 2
12	Slå saman ungdomstrinn ved Vassenden, Naustdal og Halbrend	14,4 millionar kroner	Tiltak 1, 5, 8 og 10

Konklusjon

Det er naudsynt å gjennomføre tiltak for å møte den demografiske utviklinga i framtida. Sunnfjord kommune har eit for høgt driftsnivå og det blir mange færre elevar i skulen. Samstundes skal kommunen omstillast til å møte auken i tal eldre. Skal Sunnfjord kommune i framtida ha ein berekraftig økonomi, med gode tenester og kvalitet i skulen, er det naudsynt å gjere strukturelle grep. Tal skular må reduserast og særleg må ungdomssteget sentraliserast. Det gir ein betre ressursutnytting og møter framtidas behov for å utnytte kompetanse. Rekruttering blir stadig meir utfordrande og betre utnytting av kvar einskild lærar, helsesjukepleiar, fagarbeidar blir naudsynt for å oppretthalde kvaliteten. Eit større fagmiljø vil gi lærarane høve til å utvikle seg vidare. Ein trend i utviklinga er at utfordringane i skulen blir meir kompleksa og samansette. Skulefråvær, lågare motivasjon, auke i elevar med større behov, mobbing, psykisk u-helse og utanforskap er nokre utfordringar som krev resursar og kompetanse i skulen. I framtida blir kompetanse til støttetjenestene utfordrande å rekrutterer og deira kompetanse må utnyttast best mogleg.

Strukturelle endringar vil påverke elevar, foreldre, tilsette og lokalsamfunn og for nokre meir enn andre. Om vi ikkje gjere noko vil konsekvensane bli store for skulen og det samla tenestetilbodet i kommunen. Sunnfjord kommune vil ikkje ha ein berekraftig økonomi til å oppretthalde gode skular, eller til å gi den omsorga til eldre som er naudsynt. For skulen sin del vil ei endring utan strukturelle grep redusere resursane, som vil påverke oppfølging av elevar fagleg og sosialt.

Det handlar om å dimensjonere skulen for framtida slik at vi i Sunnfjord kommune kan oppretthalde eit ressursgrunnlag og ein kompetanse til beste for elevane og samfunnet. Difor handlar ikkje saka berre om økonomi, men og om kvalitet.

Med bakgrunn i ei samla vurdering tilrå kommunedirektøren tiltak 1-6, 13 og 14

Førde, den 26.02.2025

Terje Heggheim kommunedirektør	Åge Stafnes kommunalsjef
-----------------------------------	-----------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 27.03.2025:

Alternativt framlegg (Sp, Ap, H, VIP, Frp), fremja av Rune Standnes Hegrenes (Sp):

1. Følgjande endringar i skulestrukturen blir gjennomført i Sunnfjord kommune:
 - a. Vassenden skule vert samla i eitt skulebygg, frå hausten 2026.
 - b. Ungdomstrinnet ved Halbrend skule blir slått saman med Førde ungdomsskule, til ein felles ungdomsskule på Hafstad. Det skal lagast ein plan for overgangen til ny felles ungdomsskule, der representantar frå dei to skulane skal vere med i utarbeidinga. Planen skal leggast fram for politisk behandling i god tid før handsaming av årsbudsjett for 2026.
 - c. Førde barneskule blir flytta til FUSK-bygget når bygget er klargjort for barneskule
 - d. Elevane ved Flatene skule blir flytta til Halbrend skule, som blir ein skule med elevar frå 1.-7. trinn, når bygget er klargjort for barneskule.
 - e. Ungdomstrinnet ved Viksdalen skule blir flytta til Sande skule frå skulestart 2029, med forutsetning av at Sande skule er ferdig ombygd. Dersom skulen får ei elevtalsutvikling som gjev grunnlag for ein berekraftig ungdomsskule, skal saka vurderast på nytt.
 - f. Kommunestyret ber om å få ei utgreiing av oppveksttun på Viksdalen skule og Sunde skule.
 - g. Vaksenopplæring og integrering skal lokalisert i kommunalt bygg.
2. Det samla ressursnivået i skulen blir redusert med 6,5 millionar kroner i tillegg til reduksjonen på 35 millionar kroner som følgjer av elevtalsnedgangen.
3. Det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av kvart tiltak. Planen skal ivareta elevar, foreldre og tilsette i arbeidet med nedlegging, overføring og samanslåing av skular. For tilsette blir det utarbeid ein bemanningsplan saman med tillitsvalde og verneombod.
4. Gjennomføring av tiltak som krev investeringar skal prosjekterast og den samla kostnaden for kvart prosjekt skal vedtakast av kommunestyret før oppstart. Finansiering av tiltaka blir ein del av økonomiplanarbeidet 2026-2030 og årsbudsjettet for 2026.
5. Klassedelingsstølet på 28 elevar i barneskulen og 30 elevar i ungdomsskulen blir oppheva frå hausten 2025 som følgjer av ny ressursmodell i skulen. Opplæringslova sitt krav om forsvarlege grupper blir lagt til grunn for rektor ved samansetjing av klassar/grupper.
6. Forskrift om kringsgrenser i Sunnfjord kommune blir revidert og sendt ut på høyring hausten 2025.

Tilleggsframlegg om meir utgreiing (SV), fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

Før sak om å investere i ombyggingar av skular og flyttingar vert handsama, må det utarbeidast ein moglegstudie for heilskaplege løysingar som sikrar kvaliteten desse skulane har i dag. Det gjeld Førde ungdomsskule, Hafstad vgs, flytting av Flatene skule til Halbrend og flytting av ungdomssteget til barnesteget ved Vassenden skule. Dette vert gjort i samråd med brukarrepresentantar. Studien med eit grundig kostnadsoverslag vert å legge fram for kommunestyret.

Vidare må kommunestyret få seg førelagt ein oversikt over investeringsbehov for ny sjukeheim/omsorgssenter i Førde der både Moglegstudien frå 2017/bruk av Rødekors-tomta og planar for bygging på barneskuletomta. Det må også ligge føre ei analyse av kostnader med å drifte to skilde sjukeheimar/omsorgssenter.

Føre handsaming må kommunestyret få seg førelagt ein samla oversikt over kva alle etatar

kan greie av innsparingar dei neste åra og ein samla oversikt over investeringsbehovet dei neste 10 åra. Det vil gje grunnlag for å gjere ei vurdering av kva kommunen kan investere kvart år framover.

Alternativt framlegg (SV), fremja av Åsmund Berthelsen (SV):

1. Førde barneskule er ideelt plassert som barneskule for store delar av Førde sentrum og fungerer godt som 1-7 skule. Det vert utarbeidd ein plan for ei trinnvis utbering over ein 20 årsperiode.
2. Skei skule og Viksdalen skule skal vere 1.-10 skular.
3. Viksdalen skule og Sunde skule vert utgreidd som felles oppveksttun med barnehagane. Holsen held fram som oppveksttun.
4. Vassenden skule skal framleis driftast som 1-10 skule i to bygg.
5. Flatene skule og Halbrend skule vert administrativt slege saman som ein 1-10 skule og skal halde fram i bygga, slik dei er i dag.
6. Førde ungdomskule held fram der dei er. Skulen er del av ei klynge og ligg godt plassert nær idrettshall, kulturskule, bibliotek, ungdomshub, svømmebasseng. Bygget slik det er i dag treng ingen investeringar. Om behov kan ein vurdere å bygge ein paviljong i tilknytning til Førde ungdomskule.
7. Hafstad vgs vert ikkje bygd om til ungdomsskule og bygget vert nytta til eigne einingar/aktivitetar eller selt.
8. For Norsksenteret/Vaksenopplæringa og Aktivitetssenteret vert leigeavtale i eksterne lokale sagt opp og eigne bygg/lokale vert nytta.
9. Det må bli vurdert om det er rett at skule skal ha så stort kutt i si teneste, eller om ein kan kutte meir i andre tenester i kommunen.
10. Ny ressursfordelingsmodell vert gjennomført frå og med skuleåret 2025/2026.

Felles alternativt forslag frå V og KrF, punkt a: , fremja av Åge Avedal (V):

Oppretthalde kommunedirektøren sitt framlegg punkt a) Ungdomstrinnet ved Skei skule blir slått saman med ungdomstrinnet på Vassenden, til ein felles ungdomskule på Vassenden skule frå skulestart 2026.

Felles alternativt forslag frå V, KrF og MDG, punkt b: , fremja av Åge Avedal (V):

Ungdomstrinnet ved Førde ungdomsskule og ungdomsskuleelevar frå Sunde og Holsen krinsar blir samla i ein felles ungdomsskule på Hafstad frå skulestart hausten 2026. Dette under føresetnad av at det er fagleg forsvarleg å gjennomføre tiltaket i 2026.

Felles alternativt forslag frå V, KrF og MDG, punkt d: , fremja av Åge Avedal (V):

Flatene skule blir lagt ned og elevane blir flytta til Halbrend skule, som blir ein skule med elevar frå 1.-10. trinn med elevar frå Flatene-krinsen frå skulestart hausten 2026. Dette under føresetnad av at det er fagleg forsvarleg å gjennomføre tiltaket i 2026.

Alternativt forslag frå V, KrF, MDG, og SV punkt e: , fremja av Åge Avedal (V):

Ungdomstrinnet ved Viksdalen skule blir vurdert for vidare drift før skuleåret 2029-2030, dersom elevgrunlaget viser ei stabil positiv utvikling.

Felles alternativt forslag frå V og MDG til punkt 2: , fremja av Åge Avedal (V):

Det samla ressursnivået i skulen blir vurdert redusert med 6,5 millionar kroner frå og med budsjettåret 2029, i tillegg til reduksjonen på 35 millionar kroner som følgjer av elevtalsnedgang. Effektane av ny ressursfordelingsmodell og gjennomførte strukturendringar blir evaluert etter skuleåret 2027-2028, før innsparingstiltaket vert sett i verk. Dette for å vurdere om det er fagleg forsvarleg å gjere ytterlegare innsparingar.

Nytt forslag til punkt 3 frå V, KrF og MDG (dei andre punkta blir skyvd), fremja av Åge Avedal (V):

Ungdomstrinnet ved Sande skule vart ikkje greidd ut og tatt med i høyringa om kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Kommunestyret ber administrasjonen greie ut endring av

kringsgrenser for ungdomstrinnet ved Sande skule, og skal sjå dette i samanheng med investeringsbudsjett og økonomiplan. Utgreiing om ungdomstrinnet på Sande skule blir lagt ut på høyring.

Alternativt punkt 1 (Endringsframlegg, MDG), fremja av Marius Langballe Dalin (MDG):

Nytt punkt 1:

1. Følgjande endringar i skulestrukturen blir gjennomført i Sunnfjord kommune:

Flatene skule blir lagt ned og elevane blir flytta til Halbrend skule frå skulestart hausten 2026

1b. Ein vil presisere følgjande:

a. Ungdomstrinnet ved Skei skule blir verande på Skei.

b. Holsen skule vert vidareført

c. Førde barneskule vert vidareført, i same bygg dersom FUSK fortsatt vert nytta som ungdomsskule

Nytt punkt (MDG), fremja av Marius Langballe Dalin (MDG):

Utgreiing av skulestruktur på ungdomstrinnet ved skulene i Førde, på Vassenden, Sande, Naustdal og i Viksdalen

Kommunestyret ynskjer å sjå heilskapleg på ungdomsskulestrukturen i og rundt Førde og ber om at administrasjonen også greier ut flytting av ungdomstrinnet på Sande, Vassenden, i Viksdalen og Naustdal til Førde.

Anbodet for bygging av Sande skule som ein 1.-10. vert avlyst.

Førde Barneskule og FUSK oppretthaldast i eksisterande bygg. Hafstad vert ombygd til ungdomsskule.

Eit alternativ som og utgreiast er å bruke Halbrend som en 2.-parallel ungdomsskule i staden for anten FUSK eller Hafstad

Det er avgjerande at utredninga og høyringa kan skje så fort som råd slik at ein kan lyse ut ny anbodskonkurranse for Sande skule så snart ein har avklara kva ungdomsskulestrukturen blir, med sikte på vedtak i september.

Tilleggsframlegg, sjåast i samanheng med skulestrukturen i Førde: (MDG), fremja av Marius Langballe Dalin (MDG):

Tilleggsframlegg:

Utgreiing av kompakt sjukeheim i Førde

Det er vesentleg å sjå trongen for fleire sjukeheims plassar i Førde i samband med bruken av skulebygga. Ein ber om ei rask utgreiing av å bygge ein kompakt sjukeheim i Førde, der ein eventuelt tek i bruk Røde Kors-tomta.

Det er vesentleg å ha eit rimeleg tilbod til bebuarar slik det er på pensjonistheimen i dag. Ein bør vurdere heilt eller delvis gjenbruk av pensjonistheimen. Eit alternativ kan vere å fjerne øvste etasje, men byggje ein etasje til oppå, med større grunnflate og med fundamentering på påler utafor eksisterande bygningsmasse.

Alternativt framlegg frå V og KrF:, fremja av Åge Avedal (V):

1. Følgjande endringar i skulestrukturen blir gjennomført i Sunnfjord kommune:

a. Ungdomstrinnet ved Skei skule blir slått saman med ungdomstrinnet på Vassenden, til ein felles ungdomsskule på Vassenden skule frå skulestart 2026.

b. Ungdomstrinnet ved Førde ungdomsskule og ungdomsskuleelevar frå Sunde og Holsen krinsar blir samla i ein felles ungdomsskule på Hafstad frå skulestart hausten 2026. Dette under føresetnad av at det er fagleg forsvarleg å gjennomføre tiltaket i 2026.

c. Førde barneskule blir flytta til FUSK-bygget når bygget er klargjort for barneskule

